

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

NR. 3.1.9

Retur av valkort

KYRKJEVALREGLANE § 2-9 (5)
VALHANDBOKA kapittel 3.1.9, side 40

UTSENDING AV VALKORT

Kyrkerådet er ansvarleg for produksjon og utsending av valkort til alle med stemmerett i soknet. Dette blir sendt ut i starten av august, før perioden med førehandsstemming startar.

Det lokale soknet er oppført som returadresse for valkort som ikkje blir levert. Denne adressa er henta frå Brønnøysundregisteret.

ADRESSESJEKK

Ved årets utsending har Kyrkerådet kontrollert adressene opp mot Posten sitt adresseregister.

Det er difor forventet ei begrensa mengde med returar.

RETUR AV VALKORT

Når det lokale kyrkjekontoret tek i mot valkort som ikkje kan leverast, skal ein forsøke å få levert valkortet til vedkommande.

Dersom dette ikkje let seg gjere, skal valkortet makulerast.